



Bør det heita Døslandsi(d)o? (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det vil vera mykje naturlegare ut i frå den lokale seiemåten å kalla Kjærlandsvegen for Kjærlandsi(d)o og Døslandsvegen for Døslandsi(d)o, seier Tormod Myklebust. Han bur på Kjærlandsi(d)o.

Han vil overlata til filologane nå avgjera om namna skal skrives med eller utan d. Myklebust grunngjev framlegget sitt med at ingen nyttar ordet VEGEN om dei to sidene av dalen.

Myklebust er ikkje framand for at det blir gjennomført ei spørjeundersøking om denne saka. I så bør den setjast i gong snarast før kommunen har bedt om at meiningar om vegnamnsaka blir sendt inn innan 10. april.

Saksførebuar og kultursjef Kristian Bringedal bør sjølv på Kjærlandsi(d)o og har stor forståing for framlegget, opplyser Tormod Myklebust.

Han presiserer at han ikkje ynskjer å meine noko om den andre dissensen som dukka opp i denne saka – om det skal heita Hauglandsvegen eller Muslandsvegen ovanfor kryssen ved Haugland.

Av Ola Matti Mathisen



Bør det heita Kjærlandsi(d)o? (Foto: Ola Matti Mathisen)